

# Årsmelding

## Øystese Kyrkjelyd, 2020

- godkjent av Øystese sokneråd 18.april 2021 -

Soknerådet hadde 9 ordinære soknerådsmøte i 2020 og eitt digitalt på Teams.

Heile soknerådet m/vara var innkalla og møtte til soknerådsmøta:

Sokneprest Lars Arne Vik

Oddvar Ulltang leiar

Astrid Lunestad nestleiar

Therese Rykkje Aalvik kasserar/kontakt Himal Partner

Marita Dalatun

Kjell Dysvik

Erna Haltvik

Ruben Øystese

Eli Skaar Kvarv

**Vara:**

Mari Laupsa skriver, Kirkens SOS-kontakt

Bente Helen Rykkje Jordalen

Jan Hellingsrud

Edel Huse

Sveinung Lid Aalvik

Årsmøtet 2020 vart ikkje gjennomført grunna koronanedstenging.

Årsmelding og rekneskap for 2019 vart godkjent av Øystese sokneråd 10.mars og lagt fram til orientering.

I tillegg til denne årsmeldinga er det utarbeidd og innsendt til Kyrkjerådet "Årsstatistikk for Den norske kyrkja 2020" med tal frå arbeidet i Øystese sokn.

**Gudstenester m.m. i Øystese sokn i 2020 (2019-tala i parentes):**

Det er halde 26 (36) søndagsgudstenester i Øystese kyrkje med eit snitt på 49 (109) deltagarar. I Kvam vart det gjennomført 3 strøymde gudstenester med til saman 442 deltagarar.

25 (31) born er døypte. Det var 31 (23) konfirmantar, 5 (2) vigslar og 25 (28) gravferder. Det er halde utegudsteneste på Nystøl i juli og i Øysteseparken andre påskedag og julafstan. Det vart også gjennomført skulegudstenester for barnetrinnet.. Kvar tredje veke utanom juli er det andakt i tredje etasje på Øysteseheimen, på dagsenteret på Øysteseheimen og på Mikkjelsflaten. Presten går og vitjar fast dei som ynskjer besøk i første og andre etasje på Øysteseheimen kvar tredje veke. Til vanleg har sokneprest Lars Arne Vik praktisert denne turnusen, men i pandemi-perioden har det naturleg nok vorte noko mindre. Også barnehagane har vore på besøk i kyrkja, tilrettelagt av kateketen.

Totalt tal deltagarar på alle gudstenestene var 1693 (3932).

Offer til kyrkjelydsarbeidet var kr 23.275,- (38.836,-) Offer til lag og organisasjonar var kr. 40.844,- (97.136,-)

**Rekneskapsresultatet** for 2020 viser eit underskot på kr. 9009,-(kr. 6.154,-). Saldo bank ved årsavslutning kr. 50.246,- (kr 41.236,-). Rekneskapan er revidert og godkjend.

## **Kyrkjeleg fellesråd:**

Øystese Sokneråd sine representantar i Kvam Kyrkjelege Fellseråd var i 2020 Oddvar Ulltang (vara Ruben Øystese) og Astrid Lunestad (vara Kjell Dysvik) Kvam kyrkjelege fellesråd hadde i 2020 seks møte i samsvar med vedteken møteplan.

Viser elles til eiga årsmelding for fellesrådet.

Også i 2020 har kyrkjeverje invitert soknerådsleiarane til samtale og felles info, rett etter fellesrådsmøta.

## **Kyrkjebladet:**

Kyrkjebladet for Kvam og Jondal trur me vert lese av ein stor del av bygdefolket og er eit godt bindeledd innan kyrkjelyden.

Redaksjonen av bladet er no knytt til staben i kyrkja. Sokneråda har sine representantar i redaksjonsnemnda. Sokneprest Lars Arne Vik har vore redaktør for bladet. Øystese sokneråd sin representant i redaksjonsnemnda har vore Arne O. Øystese.

## **Open Kyrkje vart avlyst sommaren 2020, grunna covid19**

### **Kyrkjelydsavtale mellom Øystese sokneråd og Himal Partner.**

Øystese kyrkjelyd har samarbeidsavtale med Himal Partner. Tore og Ragnhild Skeie frå Kvam har arbeidd som tilsette i Nepal fram til mai 2015. Soknerådet sin kontaktperson har vore Therese Rykkje Aalvik

Avtalen omfattar informasjon om arbeidet til kyrkjelyden og innsamling av støtte til dei prosjekta Himal Partner til ei kvar tid treng støtte til. Ved kvar gudsteneste vert arbeidet til Himal Partner bede for i forbøna.

**Arrangement:** Soknepresten vår, Lars Arne Vik, har i løpet av året invitert til 4 foremiddagstrekk i kyrkja midt i veka, og 1 temakveld. Sokneprest Roar Strømme har invitert til 2 samlingar med kyrkjeklubb for psykisk utviklingshemma. Me er mange som set stor pris på desse møtestadene som etter kvart er faste innslag i kyrkjeåret.

**Trusopplæring i Øystese i 2020:** Kari Furnes Aalvik og medhjelparar har stått for søndagsskullearbeidet! Dei har gjennomført 3 samlingar pr. semester i møterommet, bårehuset. Gjennom året har kateket og kyrkjelydspedagog, i samarbeid med soknerådsmedlemer, invitert til følgjande trusopplæringstiltak: **Krølletreff** for 3-åringar i mai, samling kring utdeling av **4-årsbok, forskulesamling** med utdeling av 6-årsbok, , **Kyrkjekino** for 7.trinn, saman med Norheimsund.

**Tårnagent, Lys Vaken og Legoklubb** vart avlyst grunna covid19. Trusopplæringstiltaka har i snitt samla om lag halve årskulla.

Elles har det vore **Babysong** i Norheimsund kyrkje, med 11 deltakarar frå Øystese.

**Småbarnstreffa** er også innarbeidde i Norheimsund kyrkje, med 2 deltakarar frå Øystese 2020. Dette er eit tilbod til vaksne som er heime med born på dagtid, følgjeleg stor utskifting av deltakarar.

**Barnekora:** Dirigent Eirin Beate Åserud-Løvlid har i samarbeid med foreldregruppa i koret stått for dette tilboden i 2020. Me set stor pris på arbeidet, og gleder oss over at kora deltek på gudstenester og syng m.a. på Mikkjelsflaten og Øysteseheimen.

**Diakoni:** Diakoniplanen vart vedteken i dei fire sokneråda i mars 2018. Gjennom 2019 har arbeidet i diakoniutvalet, med leiar Hans Atle Soldal, halde fram i samarbeid med då nytilsett diakonarbeidar, Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland. I 2020 har det vore to samlingar i diakoniutvalet for alle sokna, og Sigrid Karoline har gått over i stillinga som kyrkjeverje. Vidare framdrift i dette arbeidet er no på vent til me har tilsett diakon.

**Konfirmantarbeid:** Det var 31 konfirmantar i Øystese sokn skuleåret 2019-20. Ansvaret for dette utfordrande og viktige arbeidet har sokneprest Lars Arne Vik. Samtalegudsteneste og konfirmasjonsgudstenestene vart utsette til september grunna covid19.

**Fasteaksjon 2020:** Også her påverka covid19 gjennomføringa. Det var ingen konfirmantar som gjekk rundt med bøssene, heile aksjonen vart gjennomført digitalt. Resultatet vart kr.11.203,- (37.000,-)

### **Kyrkjebygget:**

I 2020 vart kyrkja måla utvendig, og står fram som velhalden og fin.

Elles er det kontinuerleg utbetring og oppgradering av inventar og interiør.

Kvam kyrklege fellesråd har laga ei prioriteringsliste for utbetring av kyrkjhusa. Dette er ein prosess der nye behov stadig dukkar opp, med påfølgjande justeringar og omprioriteringar.

### **Personalsituasjonen 2020:**

#### **Kyrklege stillingar i Kvam:**

Sigrid K Eriksen-Tufteland, frå 01.08.20	kyrkjeverje/dagleg leiar
Hans Soldal, 01.08.19 – 31.07.20	vikar for kyrkjeverja
Anne Kari Sørheim	sakshandsamar
Lars Arne Vik	sokneprest
Roar Strømme	sokneprest
Marna Roer	vikarprest
Solomampionona Andriamandimby (Svangerskperm 01.01.20, 50% frå 01.08.20)	kateket
Solveig Sangolt	kyrkjelydspedagog
Eivind Daniel Røed	10% konfirmantlærar frå 01.11.20
Sigrid K Eriksen-Tufteland, 50% t.o.m. 31.07	Diakonimedarbeider
Sevinj Asgarova Øvrehus	organist
Margrete Lid Kjosås	organist
Monica S. Skogvoll	kyrkjetenar
Franckie Mario Adrianaivo	kyrkjetenar
Sylvi Elvatun	kyrkjetenar
Heine Ugletveit	kyrkjegardsarbeidar
Lillian H. Fosse	klokkar
Anja Ørevik Lofthus	klokkar
+klokkarteam i Vikøy og Øystese	

**Samarbeid med Øystese indremisjon:** Sjølv om covid19 også her prega det årelange samearbeidet, ser me fram til å kunna halda fram når me etter kvart kan gjenoppta dei ulike møtepunkta våre.

**Til sist:**

Soknerådet vil takka prestane våre og alle tilsette for arbeidet de utfører i bygdene våre! I eit spesielt korona-år med stadige avlysingar, har de på ein framifrå måte vore kreative og funne praktiske og digitale løysingar som har vore til stor glede for mange! Takk også til pensjonert prost Arne O. Øystese for teneste i Øystese kyrkje også dette året.

Me vil også takka klokkarteamet for det solide arbeidet de gjer, og for bidraget til foreldreprgruppa for ungdomskoret! Det er kjekt at det kjem nye til når det er tid for avløysing. Dette året har me fått to vikarar, i tillegg til dei fire faste klokkarane. Takk også til frivillige som stiller opp og hjelper til ved ulike arrangement.

Soknerådet 2019 – 2023 har fått ein oppstart som har vore prega av mange avlyste og avgrensa arrangement. Det er vanskeleg å leggja planar og spørja medarbeidarar om ulike oppgåver når framtida har vore så uviss. Me håpar at me i løpet av 2021 kan møtast langt oftare, og at me saman kan byggja kyrkjelyd og fellesskap der mange kan få møtast!

På vegne av soknerådet  
Oddvar Ulltang  
Leiar

09.03.2021